



Elisabeth Hosøy Sleire
Oterdalen 48
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: 3a5cc764-79aa-48df-a0a5-
26cdbad7583b

Vår: 23/831 - 23/12280

Saksbehandlar:

Torkjell Holm Brenna

torkjell.holm.brenna@alver.kommune.no

Dato:

20.02.2023

Løyve om endra bruk av avkørsel - KV1116 S3D1 - gbnr 38/19

Saka gjeldt søknad om løyve om endra bruk av eksisterande avkørsel til kommunal veg for gbnr. 38/19 datert 26.01.2023.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om endra bruk av avkørsel i samband med bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad. I søknaden er det påpeika at grensa i kartet mellom privat og offentleg eigedom er midt i ein veg, og ikkje ved ein avkørsel. I kartet nedanfor er dette vist med eit lilla område. Kommunen gjer drift og vedlikehald på KV1116 S3D1 ned til krysset før denne grensa, og det er hit den kommunale vegen er definert. Det vil difor vere avkørselen på dette punktet som vil bli vurdert i søknaden. Denne avkørselen er vist i raudt i kartet nedanfor.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vurdering/drøfting:

Avkøyrsele ligg langs ein kommunalveg som er lite trafikkert. Vegen går til nokre få bustadar, samt nokre naust og fritidsbustader. Siktforholda i avkøyrsele er etter forholda gode, men vegetasjon som gror på sørsida av avkøyrsele vil kunne forverre situasjonen. Vegetasjonen må difor haldast nede for å vedlikehalde godt siktzone. Bruksendringa på eigedom gbnr. 38/19 vil ikkje auke trafikkmengd nemneverdig, og vi ser ikkje ei forandring i trafikktryggleiken ved å gjeve bruksendring på denne avkøyrsele.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje endra bruk av eksisterande avkøyrsele i samband med bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på eigedom med gbnr. 38/19.

Vedtak:

Kommunen gjev løyve til endra bruk av avkøyrsele frå kommuneveg KV1116 S3D1 – Hellebrekkene til eigedom gbnr. 38/19 med heimel i veglova §40 og §43.

Løyvet blir gitt i samsvar med forskrift om alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsele frå offentleg veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrselessaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld berre tilknytingspunkt til kommunevegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsele, frisisiktsoner og tilkomstveg.
2. Løyvet gjeld for ein bueining på bustad gnr. 38 bnr. 19.
3. Siktzone til avkøyrsele kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkøyrsele.

Det er brukarane av avkøyrsele som sjølv har ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsele til kvar tid er oppfylt. Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Alver kommune trekkje tilbake løyvet. Avkøyrsele skal vere opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkøyrsele som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsele fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100.

Vedtaket gjeld avkøyringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

Rett til å klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Klagen skal sendast skriftleg til Alver kommune via post@alver.kommune.no eller Postboks 4, 5906 Frekhaug. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve:

Er arbeidet med avkøyrse ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Torkjell Holm Brenna
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elisabeth Hosøy Sleire

Oterdalen 48

5914

ISDALSTØ